

ÅRSMELDING 2007

DEN OFFENTLEGE TANNHELSETENESTA I HORDALAND

Mars 2008

INNHOOLD

0. Forord	3
1. Visjon og ansvarsområde	4
2. Organisering av tannhelsetenesta	4
3. Økonomi og effektivisering:.....	4
4. Personell.....	5
5. Omfanget av behandling i DOT.....	7
6. Tannhelseutviklinga.....	8
7. Folkehelsearbeidet	11
8. Kvalitetsutvikling	11

Tabellar og figurar

Tabell 1: Rekneskap 2007.....	4
Tabell 2: Tilsette fordelt på alder og yrke	5
Tabell 3: Tilsette fordelt på kjønn og alder	6
Tabell 4: Kvartalsvis sjukefråver fordelt på alder... ..	6
Tabell 5: Pasientar ferdigbehandla og under tilsyn	7
Figur 1: 5-åringar utan tannrote frå 1998-2007.....	9
Figur 2: Tolvåringar utan tannrote 1996-2007.....	10
Figur 3: Heilt kariesfrie 18-åringar 1996-2007.....	10
Tabell 6: Omfanget av behandling i Den offentlege tannhelsetenesta.....	13

Forord

2007 var eit godt år for Den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland, både økonomisk og med omsyn til tannhelsa for born og ungdom.

Forverringa av tannhelsa til småbarn som starta på slutten av 1990 talet er reversert, den positive tannhelseutviklinga held fram for sjette året på rad. Det har ikkje vore så mange 5-åringar utan hol i tennene i Hordaland sidan målingane starta i 1985. Også tannhelsa til 12-åringane og 18-åringane er betre enn året før, men det manglar enda litt før dei måla som vart sett i tannhelseplan for Hordaland 2004 – 2007 vert nådd.

Det var også i 2007 vanskar knytt til å rekruttere tannlegar til stillingar som ligg lengre vekk enn det er mogleg å dagpendle til frå Bergen.

Fylkestannlegen vil med dette takke dei tilsette for god innsats i året som gjekk.

Inge Magnus Bruvik
fylkestannlege

1. Visjon og ansvarsområde

Den offentlege tannhelsetenesta sin visjon for all vår verksemd er:

Kvalitet, omsorg og trivsel til beste for alle

DOT har ansvaret for at alle som bur i fylket har tilgang til tannhelsetenester, for førebyggjande tiltak til heile befolkninga, og at det vert gjeve tilbod om behandling til:

- *barn og ungdom 0-18 år (gruppe a).*
- *psykisk utviklingshemma (gruppe b).*
- *eldre, uføre og langtidssjuka i institusjon og heimesjukepleie (gruppe c).*
- *ungdom 19-20 år (gruppe d).*
- *grupper som vert prioriterte av fylkeskommunen (gruppe e).*

Vaksne, betalande pasientar (gruppe f) får behandling på DOT sine klinikkar dersom det ikkje finst privat tannlege og/eller det er kapasitet.

2. Organisering av tannhelsetenesta

Den offentlege tannhelsetenesta er delt inn i seks einingar, 5 tannhelsedistrikt og Tannhelseavdelinga. Tannhelseavdelinga er distrikta sin felles administrasjon i tillegg til at det ved avdelinga vert utført faglege og administrative oppgåver som gjeld heile tannhelsetenesta. To av dei tilsette ved avdelinga er teknisk personell som mellom anna tek seg av innkjøp og vedlikehald av utstyr ved tannklinikane. Distrikta er delt opp geografisk med; Tannhelsedistrikt Nord, Tannhelsedistrikt Aust, Tannhelsedistrikt Vest, Tannhelsedistrikt Sør og Tannhelsedistrikt Sentrum. Kvart distrikt er delt opp i klinikkar, til saman har tannhelsetenesta 70 tannklinikkar. Tannhelsedistrikta vert leia av overtannlege, tannklinikane av klinikksjefar, Tannhelseavdelinga av kontorsjef medan fylkestannlegen er leiar for heile verksemda.

3. Økonomi og effektivisering

3.1 Rekneskap 2007

Resultatansvaret i Den offentlege tannhelsetenesta er delt inn i seks sjølvstendige budsjetteiningar.

*Tabell 1: Rekneskap 2007 fordelt på distrikt. **

Alle tall i tusen kr	Adm	Sentrum	Nord	Vest	Sør	Aust	Totalt
Brutto driftsutgifter	25353	64692	42020	43259	23885	24285	223494
Inntekter/refusjonar	-2877	-22353	-16383	-11296	-6064	-8474	-67447
Netto driftsutgifter	22174	42339	25637	31962	17821	15811	156047
Avvik	-205	614	2318	1305	1370	986	6388

* Revidert budsjett/regnskap er lagt til grunn.

Det vart i 2007 eit lite underskot på tannhelseavdelinga medan alle distrikt gjekk med overskot, om enn i ulikt omfang. Overskotet i distrikta er i hovudsak relatert til vakanse og høgare inntekt enn budsjettet.

3.2 Nedlegging/samanslåing/nyopning av tannklinikkar

I april 2007 opna ein ny tannklinikk med 5 behandlingsrom på Årstad. Tannklinikken erstatta dei gamle klinikkane på Slettebakken, Landås og Landås Menighets Eldresenter.

I 2006 vart det etablert eit nytt tannhelsetilbod til rusmisbrukarar i kommunal omsorg, og våren 2007 vart det opna ein ny tannklinikk i Stiftelsen Bergensklinikkene sin rusinstitusjon i Skuteviken. Ved klinikken blir det gitt tannhelsetilbod til rusavhengige i institusjon og pasientar tilvist frå sosialetaten i Bergen kommune.

4. Personell

4.1 Tal tilsette

Det var pr. 31.12.2007 totalt 360 tilsette i den offentlege tannhelsetenesta. Ni av desse har sin arbeidsstad ved tannhelseavdelinga, resten i distrikta.

I fylkestannlegen si leiargruppe (fylkestannlege, kontorsjef og overtannlegar) er 28% kvinner medan 50% av klinikksjefane er kvinner. Totalt er 68,5 % av tannlegane kvinner. I dei andre yrkesgruppene arbeider berre kvinner. Totalt er difor om lag 86,7 % av dei tilsette i tannhelsetenesta kvinner.

4.2 Alderssamansetning

Gjennomsnittsalderen i tannhelsetenesta er høg, 59 % av dei tilsette er over 50 år. Blant tannhelsesekretæraner/assistentane er 70 % av dei tilsette over 50 år. Dei fleste over 50 år har vore størsteparten av sitt yrkesaktive liv i tannhelsetenesta og innehar difor brei erfaring og høg kompetanse innan sine arbeidsområde. Seniorane er difor ei stor og viktig gruppe i DOT.

Tabell 2: Tilsette fordelt på yrkesgruppe og alder

Yrkesgruppe	20 – 29 år	30-39 år	40 – 49 år	50-59 år	Over 60 år	Totalt
Tannhelsesekr.	3	10	35	82	30	160
Tannpleiar	6	6	17	15	1	45
Tannlegar	9	27	31	55	24	146
Totalt	18	43	83	152	55	351

4.3 Tilsette fordelt på kjønn

Det er ikkje tilsett menn i andre stillingar enn tannlegar. Blant det øvrige personell er det utelukkande tilsett kvinner. I tillegg er tre menn mellom 21-39 år tilsett i vikariat og fem menn over 60 år er tilsett på pensjonistvilkår .

Tabell 3: Tilsette fordelt på kjønn og alder

Alder	kvinner	menn	totalt	% menn
20-29	18	0	18	0
30-39	39	4	43	9,3
40-49	78	5	83	6,0
50-59	123	29	152	19,0
60-70	42	8	50	16,0
Totalt	300	46	346	13,3

4.4 Sjukefråvær og oppfølging

Samla sjukefråvær i DOT varierte i 2007 frå 10,6% i 2.kvartal til 7,4% i tredje kvartal. Det vart i 2007 utarbeidd handlingsplan for å få ned sjukefråveret i tannhelsetenesta. Handlingsplanen vart vedteke i AMU i desember 2007.

Tabell 4: Kvartalsvis sjukefråver 2007 fordelt på alder

Alder	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal
21 - 29	14,9	8	1,6	5,2
30 - 39	5,1	6,7	3,4	5,4
40 - 49	11,4	14,9	9,8	8,7
50 - 59	7,4	9	7,5	8,5
60 - 69	11,3	13,3	9,2	8,8
totalt	9,1	10,6	7,4	8

4.5 Rekruttering og stabilisering - tannlegar.

Det er få søkjarar til tannlegestillingar i distrikta, og dei som tek imot slike stillingar flytter som regel inn mot Bergen eller bynære stork etter kort tid. To tannlegar som arbeidde i kommunane Lofthus, Ulvik og Eidfjord slutta våren 2007 etter knapt eit år, og stillingane stod ledige resten av året. Den største utfordringa dei komande åra blir å få tannlegar til å etablere seg fast i distrikta. Stadig skifte av tannlege gjev ustabile tenester til brukarane og slit på det faste tannhelsepersonellet i området.

I 2007 vart det tilsett 18 tannlegar i fast stilling, 17 kvinner og ein mann. I tillegg vart det tilsett 12 tannlegar i vikariat, 10 kvinner og to menn. Sju av tilsettingane var interne tilsettingar

4.6 Etterutdanning

Tannhelselova pålegg fylkeskommunen å syte for etter-og vidareutdanning for dei tilsette. I 2007 vart det arrangert eitt 2-dagars fagleg kurs for alle tilsette i tannhelsetenesta. I tillegg vart det i alle fem distrikta arrangert distriktssamlingar med ein fagleg del på til saman to kursdagar. Det vart i tillegg nytta kr. 380 000 til individuelle kurs.

5. Omfanget av behandling i DOT

Oversyn for dei einskilde distrikt og for fylket samla finn ein på side 13 – 15.

5.1. Driftsresultat – omfanget av ordinære tenester

Tabell 5: Pasientar ferdigbehandla og under tilsyn .

Gruppe	Samla tal	Tal personar undersøkt og behandla	Tal personar planlagt ikkje innkalla	Tal personar ikkje møtt eller takka nei	Etterslep	Prosent under tilsyn
Gruppe A	100346	62457	27317	3422	3266	92,7
Gruppe B	1497	1100	84	46	83	84,6
Gruppe C1	4592	3058	201	93	148	74,2
Gruppe C2	5245	2346	269	248	171	53,1
Gruppe D	11670	5038	2616	725	598	70,7
Fengselet	338	115				
Gruppe F		19236	4755			

Forklaring:

Gruppe A: Born og unge frå 1-18 år

Gruppe B: Psykisk utviklingshemma personar over 18 år.

Gruppe C1: Pasientar i institusjon (meir enn 3 mnd samanhengande)

Gruppe C2: Pasientar i heimesjukepleie (meir enn 3 mnd samanhengande, minimum 1 besøk kvar veke.)

Gruppe D: Ungdom frå 19 – 20 år.

Gruppe F: Vaksne, betalande pasientar.

Det er behandla litt færre pasientar i gruppe A enn i 2006 og litt fleire i gruppe C2. Bortsett frå gruppe B er ikkje samla tal prioritert klientell tilgjengeleg enno, så prosentandelen under tilsyn i dei ulike prioriterte grupper kan bli endra.

5.2. Spesialisttenester

Ein kjeveortoped arbeider i heil stillinga ved tannklinikken Engen og ein i halv stilling ved tannklinikken Odda. Kjeveortopedane driv fagleg rådgjeving, utgreiing og behandling.

Ved Senter for leppe-kjeve-ganespalte (LKG) i Bergen var det i 2007 tilsett 1,33 årsverk kjeveortopedstilling, fordelt på tre spesialistar. Senteret er plassert ved Det odontologiske fakultet (DOF), og arbeidar tett saman med plastikk-kirurgar, oralkirurgar og logopedar ved Haukeland universitetssjukehus. Om lag 40% av alle barn med leppe-kjeve-ganespalte i landet blir behandla her. Driftsutgifter vert dekkja over Folketrygda.

DOT Hordaland hadde i 2007 ein oralkirurg som arbeider i 40% stilling ved Det odontologiske fakultetet. Prioritert klientell fekk i 2007 tilbod om kirurgisk behandling ved fakultetet eller ved Haukeland universitetssjukehus. Oralkirurgen har òg arbeidd ein dag kvar månad i Odda.

5.3. Tannklinikken ved Haukeland Universitetssjukehus

Klinikken gir eit tilbod til pasientar ved sjukehuset. Dei med samanhengande opphald på meir enn tre månader kjem inn under gruppe c. Det vert òg gitt akutt hjelp til alle som treng det. Klinikken har fleire spesialoppgåver, t.d. protetikk i samband med implantatbehandling og større rekonstruksjonar.

5.4. Lystgass og narkose

10 tannklinikkar i DOT Hordaland kan tilby tannbehandling med lystgassedasjon. Tannbehandling med medikamentell sedasjon, særleg Dormicum, har blitt meir vanleg dei siste åra. Tannbehandling i narkose til prioritert klientell vert gitt ved Haukeland universitetssjukehus og ved Stord sjukehus.

5.5. Tannlegevakt

Tannlegevakta i Bergen har ope minst 2,5 timar på kveldstid på vekedagar og 5 timar på ettermiddag og kveld på laurdagar og helgedagar.

Tannlegar i distrikta utanfor Bergen rykkjer ut til eigen klinikk når dei vert tilkalla av pasientar med trong for akutthjelp.

Samarbeidsavtala mellom DOT og Bergen kommune, Helse- og sosiale tenester, om tannbehandling av pasientar med rusproblem (brukarar av Strax-huset i Bergen) er fornya og vil halde fram. Ordninga fungerer svært tilfredsstillande for alle partar.

5.6. Tannhelsetenesta i Bergen Fengsel

DOT har personalansvar for tannhelsetenesta i Bergen Fengsel. Tenesta er organisert ved eigen klinikk i Helseavdelinga i fengselet. Driftsutgiftene, utgifter til personell og leigde tannhelsetenester vert dekkja av Staten etter rekning. Klinikken har tannlege i 80% stilling.

5.7. Samarbeid med Det medisinsk- odontologiske fakultet, UiB

DOT har også i 2007 hatt eit godt samarbeid med Senter for odontofobi og Odontologisk klinikk.

6. Tannhelseutviklinga

Kvart år blir tannhelsa til 5-, 12- og 18 åringar registrert i alle fylke i Noreg, og diagramma under viser korleis utviklinga har vore både i Hordaland og resten av landet dei siste 11 åra.

Måla for tannhelsa til nøkkelårskulla i 2007 er gitt i tannhelseplan for Hordaland 2004 – 2007:

5- åringar: 65% kariesfrie 5 åringar
12-åringar: Gjennomsnittleg 1,5 DMFT
18-åringar: Gjennomsnittleg 5,5 DMFT


Tannhelsa til barn i Hordaland har heilt sidan målingane starta vore litt dårlegare enn gjennomsnittet for resten av landet.

5-åringar

Den positive tannhelseutviklinga for 5-åringane held fram for sjette året på rad, og det har ikkje vore så mange 5-åringar utan hol i tennene i Hordaland sidan målingane starta i 1985.

Småbarn i Hordaland har no like god tannhelse som gjennomsnittet i resten av landet. Det er vanskeleg å peike på enkeltårsaker som kan forklare denne gledelege utviklinga fullt ut. Sidan ein ser same tendens over heile landet er det ikkje aleine lokale faktorar som ligg til grunn.


Kariesfrie 5-åringar i Hordaland og Norge



12-åringar

Tannhelsa til 12-åringane har utvikla seg i positiv retning dei siste 2 åra, og er nå tilbake på same nivå som på det beste ved hundreårsskiftet. 12-åringane i Hordaland hadde i 2007 i gjennomsnitt 1,7 DMFT (tenner med hol eller fylling), og 41 % av årskullet hadde feilfrie tenner. Målet for 12-åringane i Plan for tannhelsetenester i Hordaland 2004-2007 var eit gjennomsnitt på 1,5 DMFT i 2007, så det mangla lite på at målet vart nådd.

Gjennomsnittleg DMFT (tal tenner med hol ellrr fylling) hos 12-åringar i perioden 1996 - 2007




18-åringar

Tannhelsa til 18-åringane betra seg litt også i 2007 og er nå på det lågaste nivået sidan målingane starta i 1985. 13 % av 18-åringane hadde feilfrie tenner

Målet for tannhelsa til 18-åringane i 2007 var eit gjennomsnitt på 5,5 DMFT, så det er for denne aldersgruppa den største utfordringa ligg i åra som kjem.

Grunnen til at tannhelsa hos ungdommen ikkje har blitt betre har truleg samanheng med den sterke auken i konsum av brus og søte leskedrikkar.

Gjennomsnittleg DMFT hos 18-åringar i perioden 1996 - 2007



7. Folkehelsearbeidet

Den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland har satsa på å styrka det førebyggjande og helsefremjande arbeidet. I 2006 vart det tilsett ein folkehelse/tannhelsekoordinator. Eit av måla med denne stillinga er å satsa meir på utadretta førebyggjande arbeid og styrke samarbeidet med andre etatar, institusjonar og organisasjonar som er engasjert i helsefremjande arbeid. I 2007 vart det utarbeidd ein strategiplan for det førebyggjande arbeidet i den offentlege tannhelsetenesta i fylket.

8. Kvalitetsutvikling

8.1. Kvalitetsutvalet

Kvalitetsutvalet er eit rådgjevande organ for fylkestannlegen i spørsmål som vedkjem kvalitetssikring og kvalitetsutvikling.

Utvalet si hovudoppgåve er å stimulere til førebyggjande og kvalitetsfremjande arbeid i DOT.

Desse spesielle oppgåvene er lagt til utvalet:

- Oppdatering av kvalitetshandboka
- Informasjon, rådgjeving og formidling om kvalitetsarbeid
- Behandling og oppfølging av avvikshendingar
- Planlegging og gjennomføring av fellesmøtet mellom verneomboda og leiinga

Utvalet sitt mandat femnar både HMT-arbeid og kvalitetsarbeid.

Målsetjinga med HMT-arbeidet i DOT:

- Eit trygt arbeidsmiljø
- Ingen helse og miljøskadar
- Ingen forureining av det ytre miljøet

Målsetjinga med kvalitetsarbeidet i DOT:

- Tenester i samsvar med brukarane sin trong og forventning
- Tenester i samsvar med ålment aksepterte normer
- Tenester som vert levert kostnadseffektivt

Fylkestannlegen peiker ut alle medlemar i utvalet. Fylkestannlegen og hovudverneombodet er alltid medlemar av utvalet. Det same gjeld kvalitetskoordinator som og er sekretær for utvalet.

Funksjonstid for medlemar som vert peika ut, er normalt fire år.

Kvalitetsutvalet har utført følgjande oppgåver i 2007:

Det har vore tre møte i utvalet i rapportåret; 16.02., 21.09. og 22.11.2007.

- Leiaren i utvalet har levert rapport til AMU om forbetringsskjema frå 2006.
- Omarbeidd utgåve av kvalitetshandboka er gjort klar og er lagt ut på "Sentralen", (fylkestannlegen sitt intranett).
- Ressursvurderingsskjema er tilpassa bruk i DOT.
- Tilbakemelding frå brukarane; nye spørjeskjema er under utarbeiding.

- **Ettermøte etter vernerunden i 2007.**

Kvalitetsutvalet planla i 2007 møtet mellom verneomboda og leiinga i DOT-Hordaland i mars 2008. Hovudtema på møtet var sjukefråveret i tannhelsetenesta og gjennomføring av vernerunden.

9. Omfanget av behandling i Den Offentlige Tannhelsestene

Gruppe A 3-18 år	Totalt	Personar undersøkt/ behandla	Personar planlagt ikkje innkalla	Efterslep	Tal personar under tilsyn	Tal personar som takka nei	Tal personar som ikkje møtte	Prosent personar under tilsyn
Distrikt Aust	8429	5408	2154	384	7946	17	152	94,3%
Distrikt Nord	20371	13961	4786	369	19116	70	553	93,8%
Distrikt Sentrum	31698	17429	8927	1344	27700	88	903	87,4%
Distrikt Sør	12680	7620	2992	1169	11781	22	226	92,9%
Distrikt Vest	27168	18039	8458	0	26497	75	1316	97,5%
Hordaland	100346	62457	27317	3266	93040	272	3150	92,7%

Gruppe B	Totalt	Personar undersøkt/ behandla	Personar planlagt ikkje innkalla	Efterslep	Tal personar under tilsyn	Tal personar som takka nei	Tal personar som ikkje møtte	Prosent personar under tilsyn
Distrikt Aust	154	118	19	8	145	1	5	94,2%
Distrikt Nord	347	295	17	16	328	6	5	94,5%
Distrikt Sentrum	423	258	23	59	340	5	9	80,4%
Distrikt Sør	192	106	6	0	112	0	0	58,3%
Distrikt Vest	381	323	19	0	342	7	8	89,8%
Hordaland	1497	1100	84	83	1267	19	27	84,6%

Gruppe C 1	Totaltal	Personar undersøkt/ behandla	Personar planlagt ikkje innkalla	Efterslep	Tal personar under tilsyn	Tal personar som takka nei	Tal personar som ikkje møtte	Prosent personar under tilsyn
Distrikt Aust	493	260	72	68	400	18	2	81,1%
Distrikt Nord	788	607	9	15	631	7	2	80,1%
Distrikt Sentrum	1899	1195	61	49	1305	5	10	68,7%
Distrikt Sør	549	253	14	16	283	27	2	51,5%
Distrikt Vest	863	743	45	0	788	11	9	91,3%
Hordaland	4592	3058	201	148	3407	68	25	74,2%

Gruppe C 2	Totaltal Personar undersøkt/ behandla	Personar undersøkt/ behandla	Personar planlagt ikkje innkalla	Efterslep	Tal personar under tilsyn	Tal personar som takka nei	Tal personar som ikkje møtte	Prosent personar under tilsyn
Distrikt Aust	617	278	59	30	367	6	5	59,5%
Distrikt Nord	1013	580	53	36	669	36	19	66,0%
Distrikt Sentrum	1900	610	43	67	720	44	19	37,9%
Distrikt Sør	665	247	36	38	321	75	10	48,3%
Distrikt Vest	1050	631	78	0	709	13	21	67,5%
Hordaland	5245	2346	269	171	2786	174	74	53,1%

Gruppe D	Totaltal	Personar undersøkt/ behandla	Personar planlagt ikkje innkalla	Efterslep	Tal personar under tilsyn	Tal personar som takka nei	Tal personar som ikkje møtte	Prosent personar under tilsyn
Distrikt Aust	1054	544	216	55	815	10	29	77,3%
Distrikt Nord	2430	1258	604	98	1960	77	127	80,7%
Distrikt Sentrum	3519	1266	708	236	2210	73	281	62,8%
Distrikt Sør	1545	690	376	209	1275	14	39	82,5%
Distrikt Vest	3122	1280	712	0	1992	25	50	63,8%
Hordaland	11670	5038	2616	598	8252	199	526	70,7%

Alle grupper	Totalt	Personar undersøkt/ behandla	Personar planlagt ikkje innkalla	Etterslep	Tal personar under tilsyn	Tal personar som takka nei	Tal personar som ikkje møtte	Prosent personar under tilsyn
Distrikt Aust	10773	6621	2523	545	9689	52	193	89,9%
Distrikt Nord	25317	16843	5528	534	22905	197	708	90,5%
Distrikt Sentrum	39514	20791	9762	1783	32336	215	1222	81,8%
Distrikt Sør	15696	8936	3424	1432	13792	138	277	87,9%
Distrikt Vest	32658	21016	9312	0	30328	131	1404	92,9%
Hordaland	123958	74207	30549	4294	109050	733	3804	88,0%

Gruppe E	Personar undersøkt/behandla	
	E1 (Rus-avhengige)	E2 (Fengsels-tenesta)
Distrikt Aust	13	---
Distrikt Nord	27	115
Distrikt Sentrum	33	---
Distrikt Sør	20	---
Distrikt Vest	0	---
Hordaland	93	115

Gruppe F (Vaksne)	Personar planlagt ikkje innkalla		Etterslep	
	Undersøkt og behandla	Totalt	Personar planlagt ikkje innkalla	Totalt under tilsyn
Distrikt Aust				
Distrikt Nord				
Distrikt Sentrum				
Distrikt Sør				
Distrikt Vest				
Hordaland	19236	77101	4755	26365